



Haugaland Kraft investerer 20 mill kr. i opprustning av Sekundærstasjonen i Uskedalen.

Heile 20 mill. kr legg Haugaland Kraft ned i arbeidet med å oppgradera Sekundærstasjonen på Nedre Fet. Den gamle transformatoren vert bytt ut med ny og større trans. Dette medfører at kapasiteten vert moaleg større. Alt gammalt elektrisk utstyr vert fornya. Sjølve 66 kv lina ned heile dalen er ferdig renovert med nye stolpar og alt utstyret som høyrer til.

Sekundærstasjonen vart bygd tidleg på 1950 talet i samband med 66 kv overføringsline frå Matre via Uskedalen til Herøysundet og vidare i sjøkabel til Ånuglo og Tysnes. Stasjonen i Uskedalen var og er uttak for Kvinnherad energi. Spenninga vert transformert ned frå 66 kv til 22 kv. No er høgspennten til Tysnes og Stord utfasa og stolpane i lia vert rivne.



Fasaden vert ny med flott mur i framkant. Muraren er Knut Magnar Tveito i Byggservice.

Prosjektleder Tom Eide i Haugaland Kraft fortel til Uskedalen.no at stasjonen i Uskedalen vert utvida i bakkant, dette for å få betre plass. Byggservice har alt bygningsarbeid. Siemens er leverandør av alt utstyr i stasjonen. Den nye transformatoren er produsert og vert levert frå Italia.

Sjølve bygget vil få ny fasade med murt vegg i nedre kant. Alle plater og paneling vert skifta. Stasjonen forsyner Kvinnherad energi og vil skal halda fram med å ha reservefunksjon ved straumlevering til Husnesområde.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal



Stasjonen vert utvida i bakkant og alt elektrisk utstyr vert fornya.